

Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 30.06.2014  
Vår ref.: 2014/18482-1  
Saksbehandlar: heihand  
Dykkar ref.:

## Eknes gnr 239 bnr 6 - søknad om deling. Kulturminnefagleg fråsegn

Vi syner til søknad om frådelling samt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel datert 27.11.13, og vårt svar datert 16.12.13 vedrørande trong for synfaring. Frådellinga omfattar bustadhus og tomt på om lag 1000 kvm. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, gjennomførte synfaring på den aktuelle eigedommen 27.06.14. Til stades på synfaringa var grunneigar Terje Eknes, for Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, stilte bygningsvernkonsulent Arild Sætre, fagkoordinator Inger Lena Gåsemyr og arkeolog Heidi Handeland.

### Nyare tids kulturminne - bustadhus

Hordaland fylkeskommune fekk på synfaring 27.06.2014 avklart at delar av huset er frå 1700-talet og 1800-talet og er difor verneverdig. Det har bygningsdelar med særskild høg lokal kulturminneverdi og er del av eit gardstun som fortel noko om den nære lokalhistoria. Vi ber difor om at huset vert teke vare på og sett i stand.

### Automatisk freda kulturminne

I hagen sør for bustadhuset er det registrert eit kulturminne med uavklart vernestatus, eit gravfelt frå eldre jernalder med Askeladden-id 99941. Gravfeltet har bestått av to graver, korav det er kjent funn av menneskebein og romersk glas frå den eine. Gravene si overflatemarkering er i dag borte, men det kan vere att intakte restar frå gravene i undergrunnen. Hordaland fylkeskommune vil freiste å avklare dette når det er mindre vegetasjon på staden, ved å gjere ei mindre registrering. Hordaland fylkeskommune vil dekke kostnader til slik registrering.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til søknad om frådelling. Det ståande huset på tomta har høg lokal verneverdi, og vi ber om at dette vert teke vare på og sett i stand. Ved eventuell søknad om nye tiltak i dette området vil vi vurdere arealet i medhald av §9 i kulturminnelova (undersøkingssplikt).

David Aasen Sandved  
Fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar nyare tids kulturminne: Inger Lena Gåsemyr